



Etiske retningslinjer
for
folkevalde og tilsette
i Voss kommune

Versjon : 1.0 - godkjend i Kommunestyret 23.06.2005
Dato : 25. april 2005
Arkivnr. : 99/01408

1. GENERELT

Medvit om etikk og haldningar skal styrke grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til politikk og administrasjon i Voss kommune.

Voss kommune legg stor vekt på at folkevalde og tilsette er ærlege og opne i all si verksemd. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar, vert det stilt spesielt høge krav til den enkelte sine etiske haldningar i si verksemd for kommunen.

Alle pliktar lojalt å overhalda dei lover, forskrifter og reglement som gjeld i samfunnet generelt og for kommunen si verksemd. Dette inneber også at tilsette er lojale til vedtak som er fatta, sjølv om ein personleg er usamd.

Tillitsvalde som uttalar seg for sin fagorganisasjon vil ha stor fridom til å arbeide for å få ei sak opp til ny handsaming.

Alle har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp tilhøve ein får kjennskap til, og som ikkje er i samsvar med desse etiske retningslinjene, jamfør punkt 8.

2. HALDNINGAR OG HANDLINGAR

Folkevalde og tilsette skal vera seg medvitne at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane si tillit og haldning til kommunen. Dei skal difor ta avstand frå uetisk forvaltningspraksis.

Voss kommune legg stor vekt på at folkevalde og tilsette opptre med gjensidig lojalitet i organisasjonen. Det vert stilt strenge krav til framferd og handlemåte, slik at ingen skal kunne trekkje i tvil den enkelte sin integritet.

3. HABILITET / INTERESSEKONFLIKT

Forvaltningslova og kommunelova gjev reglar om habilitet som gjeld for folkevalde og tilsette i kommunen. Arbeidsgjevar, tilsette og folkevalde har eit felles ansvar for at alle som handsamar saker er kjend med reglar som gjeld.

Folkevalde og tilsette skal ikkje ved sakshandsaming eller vedtak handla på ein slik måte at det kan gje personlege fordelar av økonomisk eller anna art. Dette gjeld både for ein sjølv, for sin familie eller andre personar eller organisasjonar ein er nær knytt til.

Dersom personlege interesser kan tenkjast å påverka avgjerda i ei sak, skal folkevalde ta dette opp med ordførar, og tilsette med næraste overordna eller rådmannen.

Døme på moglege interessekonflikt kan vera:

- Forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Engasjement i interesseorganisasjon eller politisk aktivitet som rører ved tilhøve som den einskilde arbeider med i kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føra til at vedkomande kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt andsynes kommunen si verksemd.
- Familiære og andre nære sosiale tilhøve.

- Lønna biverv som kan påverka den einskilde sitt arbeid i kommunen. Den tilsette kan ikkje utan løyve ta anna løna arbeid, jmfør §15 i gjeldande arbeidsreglementet vedteke i administrasjonsutvalet 14.12.93 sak 169/93.

4. TEIEPLIKT

Folkevalde og tilsette i Voss kommune er i høve til forvaltningslova § 13 pålagd teieplikt.

Fortrullege opplysningar som vert motteke i samband med handsaming av saker i kommunen, må respekterast og ikkje utnyttast til personleg vinning.

Teieplikta gjeld også etter at vedkomande har avslutta tenesta eller arbeidet. Han/ho kan heller ikkje nytta opplysningar i eiga verksemd eller i arbeid for andre. I tillegg til forvaltningslova sine reglar om teieplikt gjeld reglar gjeve i diverse særlover.

5. INFORMASJON

All informasjon som vert gjeve i samband med verksemd for kommunen, skal vera korrekt og påliteleg.

6. PERSONLEGE FORDELAR O.L.

a) Personlege fordelar

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuingar eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, slik som reklamemateriell, blomster, konfekt o.l. Personlege fordelar omfattar ikkje berre materielle gjenstander, men også andre fordelar, t.d. i form av personlege rabatter ved kjøp av varer og tenester.

b) Gåver

Pengegåver o.l. skal aldri verta teke imot. Andre gåver som i følge satsar i skattelova vert rekna som ubetydelege kan takast imot; for tida inntil kr. 600,- pr. kalenderår.

Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over desse retningslinjene skal næraste overordna kontaktast. Mottekne gåver av ein slik art skal i utgangspunktet returnerast avsendar med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

Tilbod om gåver for å innta eit bestemt standpunkt i enkeltsaker skal avvisast og straks rapporterast til ordførar/rådmann og kommunerevisjonen.

c) Representasjon

Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må ikkje utviklast slik at det påverkar avgjerdsprosessen.

d) Reiser

Reiseutgifter i alle tenestesamanhengar skal i utgangspunktet betalast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan skje etter følgjande rutine slik:

- Tenestereiser som andre tilbyr seg å betala og som ikkje er knytt til innkjøp, skal avklarast med overordna.
- Tilbod om betaling av reiser frå leverandørar eller potensielle leverandørar i samband med innkjøp, skal skriftleg avklarast med rådmannen.

Reiser skal ha eit klart fagleg og tenestleg føremål.

d) Rabattordningar

Tilsette i Voss kommune kan gjere bruk av rabattar gjeve av firma som på bakgrunn av leverandør- eller kundetilhøve til Voss kommune, gjev slike rabattar. Det er ein føresetnad at slike rabattar vert gjort kjend for og gjeve til alle tilsette.

Medarbeidarar i Voss kommune skal ikkje nytta kommunen eller kommunen sitt namn for å oppnå særskilde betalings- eller leveringsvilkår i samband med personlege innkjøp.

7. KOMMUNALE KØYRETØY, MASKINER OG BILAR

- a) Bruk av kommunen sine bilar, maskiner og anna utstyr kan berre skje i samsvar med fastsette retningslinjer.
- b) Kommunen sine leigebilar skal ikkje nyttast til private eller utanomtenestelege føremål. Følgjande unntak kan gjerast:
 - Leigebilar kan nyttast i samband med aktivitetar i regi av bedriftsidrettslaget i Voss kommune.
 - Leigebilar kan nyttast i samband med velferdsverksemd som vert organisert og leia av arbeidsgjevar.
- c) Kommunale bilar skal etter endt teneste parkerast på tilviste stader/kommunal garasje. Berre i særskilde høve når tenesta krev det, eller det er fordelaktig for kommunen, kan tenestebilar køyrast heim etter endt teneste. Slik heimeparkeringsstad må avklarast med næraste overordna.

8. HANDSAMING AV BROTT PÅ RETNINGSLINJER

Den som avdekkar brott på desse retningslinjene, skal rapportera dette til næraste leiar. Næraste leiar skal avgjera om saka må følgjast opp vidare eller om den kan leggjast bort.

9. OPPFØLGING

Ordførar, rådmann og leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å følgja opp at folkevalde og tilsette er kjend med og etterlever kommunen sine etiske retningslinjer. Leiarane på dei ulike nivå i organisasjonen har eit ansvar for sine avdelingar/underordna.

Etter kvart kommunestyreval skal ein gjennomgang av dei etiske retningslinjene vera ein naturleg del av folkevald opplæringa.

Ved introduksjon for nyttilsette skal utlevering og gjennomgang av dei etiske retningslinjene vera ein del av introduksjonsprogrammet. Retningslinjene skal inngå i informasjonsmappe for nyttilsette, og retningslinjene skal vera lett å finna på kommunen si intra- og internettside.

Ein kvar tilsett i Voss kommune skal informera og søkja råd hjå næraste leiar i saker som kan ha innverknad på kommunen sitt omdømme og den tillit kommunen nyt i ulike samanhengar. Tilsvarande skal folkevalde i Voss kommune informera og søkja råd hjå ordførar.